

Hordaland Fylkeskommune

5 MAR 2014



FITJAR

Statens vegvesen Region Vest  
Askedalen 4

6863 Leikanger

Dykkar ref:

Vår ref:  
2013/469-1638/2014

Sakshandsamar:  
Atle Tørnes

Arkivkode:  
N33

Dato:  
03.03.2014

## Melding om vedtak - Høyring ferjerute Halhjem-Sandvikvåg

Vedlagt følger utskrift av sak PS 10/14 – Høyring ferjerute Halhjem-Sandvikvåg frå 2017 – handsama i Fitjar kommunestyre 19.02.2014.

Med helsing



Atle Tørnes  
Rådmann

Kopi til:

Os kommune

Hordaland fylkeskommune

Stord kommune

Postboks 84

Pb. 7900

Postboks 304

5202 OS

5020

5402

Bergen

Stord

Rådmannen

Fitjar kommune

Postboks 83, 5418 FITJAR  
Telefon: 53 45 85 00  
Faks: 53 45 85 01

Direktetlf. og e-post: 53458510  
atle.tornes@fitjar.kommune.no

**MØTEBOK****Høyring Ferjerute Halhjem-Sandvikvåg frå 2017**

Utval sak	Utval	Møtedato
15/14	Formannskapet	11.02.2014
10/14	Kommunestyret	19.02.2014

**Vedlegg:**

Høyringsdokument dagsett 17. januar 2014 frå Statens vegvesen.

**Samandrag:**

Statens vegvesen Region Vest skal lyse ut drifta av riksvegferjesambandet Halhjem – Sandvikvåg på nytt anbod med oppstart januar 2017. I høyringsbrev av 17 januar 2014 er det vedlagt ferjeruter for 3 ferjer og opsjonsrute med 4 ferjer.

Det er framleis berre to ferjer i drift laurdag og tidleg søndag ved alternativet med 3 ferjer. Halvtimes avgangar startar litt tidlegare enn i dag, og sluttar litt seinare, men ikkje vesentleg.

I alternativet med 4 ruter er det vekselvis 20 og 25 minuttar mellom avgangane kvardagar og søndag frå 12.00, halvtimes avgangar laurdag og tidleg søndag.

Det er litt «luft» mellom avgangane på natt, i begge ruteforslaga.

**Vurdering:**

Rådmannen meiner det bør presiserast at halvtimes avgangar bør vera hovudregel alle dagar med tre ferjer, i perioden 06.00 – 24.00. Nattferjene bør ha normal overfartstid på 40 minutt, og det bør ikkje vera pausar mellom avgangane. Viss det av driftstekniske årsaker er nødvendig med eit opphald med ei ferje på dagtid, bør me kunna akseptera laurdagsrutene,

Ein vil rå til at det vert sendt nedanståande uttale, som er sjølvforklarande.

**Framlegg til vedtak:**

Fitjar formannskap rår kommunestyret til å sende slik høyringsuttale:

For Fitjar kommune er det sers viktig at regulariteten vert oppretthalden og at rutetilbodet vert betra ifrå dagens situasjon.

Ved ruteplan for 3 ferjer vil det vera eit ynskje at rutetilbodet blir auka slik at ein får halvtimes ruter frå 06:00 til 24:00, alle dagar. Viss det av driftstekniske årsaker er absolutt nødvendig med eit opphald med ei ferje på dagtid, kan me akseptera laurdagsrutene, og seinare start med tre ferjer enn søndag kl. 06.00.

Ved ruteplan for 4 ferjer vil det vera eit krav at minimum halvtimes ruter blir oppretthalde frå 06:00 til 24:00, alle dagar.

Det må tas omsyn til øvrige rutetilbod, slik som internasjonale flyruter, og annan gjennomgåande trafikk, slik at ferjetilbodet «korresponderer» med desse. Særleg gjeld dette på kvelds- og nattestid.

I begge alternativene bør nattferja(ene) gå kontinuerleg, med vanleg rutefart. I tilfellet med 4 ferjer bør det gå to nattferjer.

## **Behandling i Formannskapet - 11.02.2014:**

### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

For Fitjar kommune er det sers viktig at regulariteten vert oppretthalden og at rutetilbodet vert betra ifrå dagens situasjon.

Ved ruteplan for 3 ferjer vil det vera eit ynskje at rutetilbodet blir auka slik at ein får halvtimes ruter frå 06:00 til 24:00, alle dagar. Viss det av driftstekniske årsaker er absolutt nødvendig med eit opphald med ei ferje på dagtid, kan me akseptera laurdagsrutene, og seinare start med tre ferjer enn sundag kl. 06.00.

Ved ruteplan for 4 ferjer vil det vera eit krav at minimum halvtimes ruter blir oppretthalde frå 06:00 til 24:00, alle dagar.

Det må tas omsyn til øvrige rutetilbod, slik som internasjonale flyruter, og annan gjennomgåande trafikk, slik at ferjetilbodet «korresponderer» med desse. Særleg gjeld dette på kvelds- og nattestid.

I begge alternativa bør nattferja(ene) gå kontinuerleg, med vanleg rutefart. I tilfellet med 4 ferjer bør det gå to nattferjer.

## **Behandling i Kommunestyret - 19.02.2014:**

Framlegg frå representantane Bente Karin Isdahl (H) og Terje Træet (H): Siste setning skal lyda slik: I tilfellet med 4 ferjer bør det gå to nattferjer, med 1 times frekvens.

Framlegget frå Høgre vart samrøystes vedteke, og det ligg føre slik;

### **Vedtak: (Samrøystes)**

For Fitjar kommune er det sers viktig at regulariteten vert oppretthalden og at rutetilbodet vert betra ifrå dagens situasjon.

Ved ruteplan for 3 ferjer vil det vera eit ynskje at rutetilbodet blir auka slik at ein får halvtimes ruter frå 06:00 til 24:00, alle dagar. Viss det av driftstekniske årsaker er absolutt nødvendig med eit opphald med ei ferje på dagtid, kan me akseptera laurdagsrutene, og seinare start med tre ferjer enn sundag kl. 06.00.

Ved ruteplan for 4 ferjer vil det vera eit krav at minimum halvtimes ruter blir oppretthalde frå 06:00 til 24:00, alle dagar.

Det må tas omsyn til øvrige rutetilbod, slik som internasjonale flyruter, og annan gjennomgåande trafikk, slik at ferjetilbodet «korresponderer» med desse. Særleg gjeld dette på kvelds- og nattestid.

I begge alternativa bør nattferja(ene) gå kontinuerleg, med vanleg rutefart. I tilfellet med 4 ferjer bør det gå to nattferjer, med 1 times frekvens.



Atle Tørnes  
Rådmann